

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi forklaringsdag - 23. februar 2014

Preiketekst: Mat 17,1-9

Lesetekst I: 5 Mos 18, 15-18

Lesetekst II: Op 1, 9-18

Jesu herlegdom er guddommeleg

Til dagen

Kristi forklaringsdag er svært gammal i austkyrkja, der ein reknar tradisjonen tilbake til opninga av kyrkja på Tabor om lag år 400. Hos oss dannar søndagen ein slags overgang mellom openberringstida, der ulike sider ved Jesu person blir løfta fram, og fastetida der vi følgjer verda sin rette Herre og frelsar i kamp på veg mot død og siger. Heile fokuset denne dagen er på Jesu himmelske herlegdom slik læresveinane fekk sjå han, og Johannes si skildring av Menneskesonen i leseteksten frå Op 1 understrekar også noko av dette. Teksten står også som ei påminning om kven Jesus er som ein inngang til skildringa av livet og etterfølginga under korset.

Til teksten

Retninga hos Matteus snur på sett og vis i kapittel 16. Forteljningane om taler og teikn kulminerer i utfordringa til vedkjenning, der Peter i Mat 16,16 erklærer Jesus som Messias og Guds Son. Derifrå peikar vegen mot Golgata. Jesus gir for første gang til kjenne at han må lide og døy for deira skuld, noko som set agendaen for heile resten av evangeliet. Jesus blir talt til rette av Peter. Men Peter, som nettopp er prisa salig av Jesus for vedkjenninga si, får ein skarp tiltale av den same Jesus. Jesus talar om Satans freisting som fører til fall. Vegen til korset ligg framfor, og han kallar jamvel læresveinane til å ta opp sine kors og følgje sin meister.

Dette er bakgrunnen når Jesus tar med seg den indre kretsen av læresveinar, Peter, Jakob og Johannes, på fjelltur. I den grad ein vestlending kan make å tale om fjell i dette landskapet. Dei stig i alle fall opp på det som etter tradisjonen skal ha vore fjellet Tabor, sørvest for Genesaretsjøen. Der får dei dette radikalt nye synet av Jesus under eit himmelsk lys av forklaring orkestret av ei himmelsk røyst. I jødisk tru skjer gudsopenberinga på fjellet. Der møtte Moses Gud og gav folket lova. Der møter Gud no apostlane og openberrar Han som strålar over lova og kjem med nåden og sanninga (Joh 1). Dei får sjå Herrens herlegdom, det synet som forvandlar oss ved Herrens Ande (2 Kor 3).

Forteljninga om møtet på fjellet kan knappast bli forstått utan kjennskap til jødisk tru og tradisjon. Vi har nemnt tanken om at Gud openberrar seg på fjellet. Så lar Gud Moses og Elia stige fram, dei to representative profetane, ikkje minst dei to som ingen menneske la i grav.

Elia blei tatt bort av Gud sjølv, liksom Moses blei tatt hand om av Gud. Ein jødisk tradisjon på Jesu tid meinte at også Moses blei tatt direkte til Himmelen, og til både Moses og Elia er det knytt tankar om at dei er profetar som skal stige fram igjen, eventuelt bli duplisert i endetida.

Her blir Jesus framstilt både som ein som står i relasjon og linje med dei, men enda meir som den som overstrålar dei. Dette kjem fram både i lys- og lydsettinga. Her er meir enn Moses. Han er Guds eigen Son, slik Fars røyst vitna det allereie i Jesu dåp då Anden steig ned over Jesus. Det er ein bodskap som utfordrar jødisk tru og livet under lova. Til sist kan vi nemne Peters hytteplanar som kan spele på løvhyttefesten. Denne hausttakkefesten som også blei feira til minne om utgangen frå Egypt, inneber også ei tydeleg feiring av lova. I møte med Moses på fjellet var det altså ikkje Peters dumaste idé å ty til hytter, sjølv om det truleg berre datt ut av han som ein slags impuls. Sjølve ideen blir likevel aldri realitet.

Her var meir enn lova, slik Peter sjølv skildrar det mange år seinare: «Vi var augnevitne og såg hans guddommelege velde. For han fekk ære og herlegdom frå Gud, sin Far, den gongen røgsta kom til han frå høgste herlegdomen.» (2 Pet 1, 16f)

Forteljninga sluttar med at lyset blir skrudd av, og læresveinar som blir overlatne til Jesus og hans røyst aleine, og til den nøkterne meldinga om å teie om dette til Menneskesonen stod opp frå dei døde. Det tyder på at dei fekk denne opplevinga for å halde fast ved trua og vedkjenninga til Jesus som Messias og Guds Son, no når trengselstidene for alvor skulle starte for Jesus.

Til preika

Fokuset denne dagen må vere Jesus i skarp og sterk himmelsk belysning. Han er den som Moses profeterte om som den siste og endeleg profeten, jamfør leseteksten frå 5 Mos 18. Han er den som Elia skulle peike mot i endetida, då Gud sjølv skulle komme til folket sitt (Mal 4,5f). Tematikken frå Jesu dåp og døyparen Johannes sitt virke ligg snublande nær: Vi får eit varsel om Gud sjølv. Jesu herlegdom er guddommeleg.

Her ligg to viktige moment til preika. Jesus er oppfyllinga som stadfestar profetiane. Samtidig overstrålar han forestillingane, han går utanpå det som folket hadde tenkt seg. Jesus står fram med himmelsk glans og herlegdom, og han gjer det med rette, som Guds einborne Son. *Oppfylling av profetiane og ei openberring som sprenger profetiane.* Begge deler styrker og forklarar trua vår. Oppfyllinga av profetiane og Guds løfte viser oss den djupe samanhengen i Guds ord, og stadfestar at profetane sine ord i GT er Guds gode og sanne ord til oss. Samtidig gjer møte med Jesus det klart for oss, at alt før Jesus på sett og vis er skuggar. Realitetane er så mykje større. Gud openberrar seg ved sitt ord, men i Jesus møter vi ikkje berre dei verbale orda. I han møter vi sjølve Ordet. Jesus er openberringa av Gud og hans vilje. I tidlegare tider hadde Gud openberra seg mange gonger og på mange måtar gjennom profetar som Moses og Elia, men no har han openberra seg for oss ved Sonen. Derfor, om profetane sin bodskap i den gamle pakta var sterk og gyldig, så er det vitnemålet apostlane har gitt oss, enda sterkare, fordi dei peikar på oppfyllinga og gir oss bodskapen om at alt samlar seg i Jesus Messias.

Så trur eg vi må forkynne Jesus på ein slik måte at han strålar inn i kristenlivets kamp. Fastetida vil minne oss om kampen mot vårt eige kjøt, mot djevelen og åndsmaktene, mot verda si freisting og mot verda sitt hat. Disiplane fekk eit syn av Jesus som skulle bere

gjennom vanskelege tider. Mange av dei som høyrer forkynninga på ein gjennomsnittleg søndag, går gjennom vanskelege tider og treng berekrafta i synet av ein herleggjort Jesus. Det må vere i predikantens sikte og i alle bønene våre når vi førebur oss til denne preika. Sjølv i denne forteljinga frå fjellet møter vi redde etterføljarar, men i møte med Jesus fekk dei høyre igjen desse viktige orda frå Jesus: «Ver ikkje redde!» (v.7) Og så skulle vi legge til frå ei anna forteljing sjølve grunngevinga: «Det er eg!» (Mat 14,27)

Eg har knappast høyrte ei preike over denne teksten utan understreking av orda i vers 8 om at dei berre såg Jesus då dei såg opp. Ver frimodig og bruk dette enkle poenget. «Berre» er ikkje her eit avgrensande ord. Dei var aleine med Jesus, han som nettopp var forklart herleg for dei og gitt all Himmels ære. Han kan aldri bli «berre» i liten forstand, men han er «berre» i eksklusiv forstand. Livet kan vere vanskeleg og tidene harde for trua, men der er alltid berekraft og framtid når vi har det rette, bibelske synet av Jesus for det indre auget vårt.

Rolf Kjøde

Generalsekretær i Normisjon

rolf.kjode@normisjon.no